Protokoll
Årsmøte i Ørsta Idrettsråd 2023

Torsdag 13. juni 2023 kl. 19.00- 20.30
Stad: Klubbrom 1, Ørstahallen

Sakliste

Sak 1: Godkjenning av representantane

Det møtte 5 røysteføre representantar. Petter Buset (VTIL), Jon Helge Bjørndal (VTIL), Tom Andre Holen, (Sæbø IL), Monika Andersen (Sæbø IL), Øyvind Festø, (Sunnmørsk Klatreklubb). I tillegg møtte 4 medlemmar frå styret. Til saman var det 9 frammøtte. Representantane vart godkjende etter det tal utsendingar kvart lag har høve til å stille med.

Vedtak:
Representantane vart godkjende.

Sak 2: Val av møteleiar

Vedtak:
Erlend Andersen (ØIR/ØIL) vart vald som møteleiar.

Sak 3: Val av skrivar for årsmøte

Vedtak:
Tone Jøssang Hovdenakk (ØIR/ØIL) vart vald til skrivar for årsmøtet.

Sak 4: Val av to til å skrive under møteboka

Det kom framlegg om Festø (Sunnmørsk Klatreklubb) og Holen (Sæbø IL) til å skrive under møteboka.

Vedtak:
Festø (SKK) og Holen (Sæbø IL) vart valde til å skrive under møteboka.

Sak 5: Godkjenne forretningsorden.

Vedtak: Godkjent

Sak 6: Godkjenning av innkallinga

Representantane hadde ingen merknader til innkallinga.

Vedtak:
Innkallinga vart godkjend.

Sak 7: Godkjenning av sakliste

Representantane hadde ingen merknader til saklista.
Vedtak:
Saklista vart godkjend.

Sak 8: **Årsmelding for 2022**

Styreleiar Erlend Andersen las opp årsmeldinga for perioden 2022.
Vedtak:
Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 9a: **Rekneskap for 2022**

Erlend Andersen, leiar i Ørsta Idrettsråd, la fram og orienterte om rekneskapen for 2022.

Vedtak:
Rekneskapen for 2022 vart godkjend.

Sak 9b: **Økonomisk beretning**

Hovudinntekta er medlemskontingent. Denne var som forventa. I 2022 fekk vi eit ekstraordinært resultat, ettersom restmidlane frå Ørsta idrettspark vart flytt over til idrettsrådet då selskapet vart formelt avslutta ved årsskiftet. Idrettsrådet har framleis sunn økonomi med god eigenkapital.

Vedtak:
Økonomisk beretning vart godkjent.

Sak 9c: **Kontrollutvalet sin beretning.**

Uttalen vart utdelt og opplese. Leiar i kontrollutvalet var til stades.

Vedtak:
Kontrollutvalet sin beretning vart godkjent.

Sak 10: **Arbeidsprogram for komande periode**

Erlend Andersen gjekk gjennom framlegg til arbeidsprogrammet

- Arbeide for realisering av nytt symjeanlegg (byggetrinn 2 i idrettsparken).
- Jobbe for auka kommunal støtte til drift og anlegg.
- Oppretthalde det gode samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet.
- Arrangere kurs.
- Vere aktiv i planarbeidet til Ørsta kommune.

- Samarbeide med dei andre idrettsråda på Sunnmøre.
- Gi hjelp til realisering av anlegg som er oppførte i handlingsprogrammet til kommunedelplan for "Idrett og fysisk aktivitet".
- Arbeide for momsfritak i idretten, i samarbeid med idrettskretsen.
- Samarbeid med ungdomsrådet. Korleis kan idretten tilpasse seg ungdommen sine ønskjer og behov?
- Hjelpe til med realisering av idrettsanlegg på Mosflata.
- Idretten sin dag i kommunestyret. Orientering om status for idretten i lag med idrettskretsen. Truleg best etter kommunevalet i haust.

Vedtak:
Arbeidsprogrammet vart godkjent.

Lause notat:

Få til ein dag i kommunestyret foreslår Jon Helge Bjørndal. Viktig å synleggjere verdien av dugnad. Kva kostar det å drifte idrettsanlegg? Sikkert mange titals millionar i dugnad i idretten i kommunen?

Monica Andersen meiner ungdomen treng ein plass å «henge». Saknar meir open hall, også for dei som er utanfor organisert idrett. Kaihuset har søkt om fleire timer.

Håper å få til ein turnhall, seier E. Andersen. Bør idrettsrådet kome med uttale vedrørande den gamle Ørstahallen? Kommunen er så langt negativ til vidare bruk av denne. Det vil også koste mykje å rive den.

Festø vil ha meir areal til buldring i klatrehallen. Det er også svak vegg i klatreveggen, dårleg teknisk løysing. Stor slitasje. Anlegget treng god sikkerheit og økonomi. Ønskeleg med eigen inngang til klatrehallen.
Klatreklubben har også anlegg i den nye hallen i Volda.

Innspel Mosflata. Aktuelt med turnhall/skytehall? Utstillingsplass er opparbeida, samt reservert 20 mål til hestesport. Totalt 50 mål til idrett. Oppunder 10 mål er også reservert til ny fotballbane langs elva.
Bjørndal: det bør kome køyrebru over elva. Det vil løyse noko av problemet med trafikk ned til Aurstad arena. Dette er kommunen negativ til. Kanskje idrettsrådet må kome med fleire innspel i denne saka?

Holen meiner skulen bruker stadion (Sæbø) meir enn idrettslaget, men elendig betaling i forhold til slitasje. Ønsker å gå inn i nye forhandlingar med kommunen.

Sak 11: **Tildelingskriteria LAM**

I fjor vart det brukt ein modell med slik fordeling: Ein tredjedel kvar til born, ungdom og skjøn. Når det gjeld idrettsrådet sitt skjøn er det lagt vekt på tiltak for

å halde kostnadar nede, høge utgifter til anlegg, allidrett og varierte lokale tiltak. Fordelingsnøkkel for 2022 ligg på heimesida under fane LAM.

Vedtak:
Godkjent. Det blir invitert til medlemsmøte til hausten.

Sak 12: **Saker til behandling.**
Disponering av restmidlane etter Ørsta idrettspark AS. Styret foreslår at beløpet vert prioritert til utstyr i Ørstahallen. Styret gjer vedtak etter søknad, og investeringar skal kome flest mogleg til gode.

Vedtak:
Godkjend.

Sak 13: **Vedta idrettsrådet sitt budsjett.**

Budsjett vedlagt. Styret foreslår uendra kontingent; kr. 200 per lag + kr. 3 per medlem. Merk at det allereie er disponert eit større beløp i år, i samband med naudsynt utstyr til landskampen i Ørstahallen i april.

Vedtak:
Godkjend, men auke av kurs-posten til 10.000,- for å ha moglegheit til å bidra økonomisk for leiarkurs for ungdom.

Sak 14: **Val.**

Valnemnda si innstilling og forslag til vedtak til årsmøte i Ørsta Idrettsråd 13. juni 2023

Styret i ØIR

Leiar	Erlend Andersen, ØIL	Attval 1 år, på val i 2024
Nestleiar	Per Gunnar Indreeide, VTIL	Ny, 2 år, 2023 - 2025
Kasserar	Tone J. Hovdenakk, ØIL	På val i 2024
Styremedlem	Gaute Holen, Sæbø IL	På val i 2024
Styremedlem	Jostein Bjørdal, ÅIL	På val i 2024
1. Vara	Terje Aarskog, SKK	Ny, 1 år, 2023 - 2024
2. Vara	Margrete Homlong Øyehaug ØRKK	Attval, 2023 - 2024

Kontrollutval

Leiar	Jon Helge Bjørndal, VTIL	På val i 2024
	Rita Myking, ÅIL	På val i 2024
Vara	Bente Ørsal, ØIL	Attval, 2023

Hallstyret

Leiar	Patricio Medina, ØIL	Attval, på val i 2025
	Sven Castberg, ØIL	På val i 2024
	Nina Hustad, Sæbø IL	På val i 2024
	Rebecca Riise Bjerknes (Ørsta Kommune)	
	Are Folkestad (Ørsta Kommune)	
	Gunnar Knutsen (Ørsta Kommune)	
Vara	Sindre Skurtveit, HIL	Attval, på val i 2024

Valnemnda

Leiar:	Øyvind Festø, SKK	2023-2025
	Arnar Holen, Sæbø	2023-2025
Vara	Ann Karin Sætre, VTIL	2023

Vedtak:
Valet vart godkjent.

Sak 15. **Engasjere revisor**
Styret ser ikkje behov for å engasjere revisor til vårt moderate og enkle rekneskap.

Vedtak:
Godkjent.

Tone Jøssang Hovdenakk
skrivar

Øyvind Festø
90665856

Tom Andre Holen
91118852